
Saksnr: 2020/42410-8
Saksbehandlar: Astrid Lernes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Ytre Steinsund bru - godkjenning av byggestart

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget godkjenner byggestart for investeringsprosjektet Ytre Steinsund bru i Solund kommune
2. Kostnadsramma til prosjektet vert sett til 812 mill. 2021-kr.
3. Auken i kostnadsramma, 37 mill. kr, vert lagt inn i investeringsbudsjettet i 2024 og finansiert med meirverdiavgiftskompensasjon og auka låneopptak.

Samandrag

Fylkestinget vedtok i sak 155/2020 å gjennomføre ei ekstern kvalitetssikring av kostnadsramma til investeringsprosjektet Ytre Steinsund bru. Dette er no gjennomført av Norconsult. Norconsult anbefalar at prosjektet si kostnadsramme vert auke med 37 mill. kr til 812 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår i saka å auke kostnadsramma, i tråd med Norconsult si anbefaling, samt få ei endeleg godkjenning av byggestart.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Rapport frå Norconsult, Fv. 606 Ytre Steinsund bru, kvalitetssikring av anslag

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak 155/2020 Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru vedtok fylkestinget følgjande 4 punkt:

1. Fylkestinget stadfester at prosjektet Ytre Steinsund bru skal gjennomførast som eit ferjeavløysingsprosjekt i tråd med investeringsplanen i budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024.
2. Prosjektet vert lyst ut på anbod, først bygging av veg i 2021 deretter bygging av bru.
3. Før kontrakt vert inngått på bygging av veg skal det vere gjennomført ei ekstern kvalitetssikring av prosjektets totale kostnader (KS).
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne byggestart under føresetnad av at KS er innanfor kostnadsramma for prosjektet på 775,1 mill. 2021-kr.

Fylkesrådmannen har no gjennomført den eksterne kvalitetssikringa av prosjektets totale kostnader, jf. punkt 3 i vedtaket frå desember 2020. Det er Norconsult AS som har gjennomført den oppdraget. Ein offentleg kortversjon av rapporten følgjer som vedlegg.

Anbefalinga frå Norconsult er å auke kostnadsramma i prosjektet. Fylkesutvalet si fullmakt, jf. punkt 4 i vedtaket frå desember 2020 gjeld såleis ikkje lengre. Difor er det naudsynt at fylkestinget godkjenner byggestart av Ytre Steinsund bru.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. pkt. 3.1.2 i reglement for delegering til fylkesrådmannen

Vurderingar og verknader

Gjeldande kostnadsramme til Ytre Steinsund bru, 775,1 mill. 2021-kr, er frå 2017. Utgangspunktet for kostnadsoverslaget er vedteken reguleringsplan. Kostnadsoverslaget har ei uvisse på +/- 10 %, noko som er innafor kravet til søknaden om ferjeavløysing. Det er dette kostnadsoverslaget som er utgangspunktet for den eksterne kvalitetssikringa.

Norconsult har i sitt kvalitetssikringsarbeid hatt innsyn i detaljprosjekteringa av veg-delen som er under arbeid, og teke omsyn til dette arbeidet i sine vurderingar og konklusjonar.

Norconsult konkluderer med at dei anbefaler at styringsramma i prosjektet vert auka til 812 mill. kr. Ein auke på 38 mill. kr i høve løyvinga til prosjektet i budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 som er på 774 mill. 2021-kr. Prosjektet hadde i tillegg ei løyving i 2020 på 1,1 mill. 2021-kr som er nytta til prosjektering. Den anbefalte kostnadsauken utgjer om lag 5 %.

Norconsult peiker på 3 områder kor dei anbefaler å legge inn auka kostnader:

- 7 mill. kr knytt til noko meir sikring av fjellskjeringar og plastring av sjøfyllingar
- 18 mill. kr knytt til ei noko lengre bru og ekstrakostnader for å sikre mot skipsstøt
- 12 mill. kr knytt til noko høgare usikkerheitskostnader.

Fylkesrådmannen er godt nøgd med resultatet av den eksterne kvalitetssikringa. Ein auke på 5% er godt innafor den usikkerheitsmarginen på 10% som gjeldande kostnadsramme er basert på. Kvalitetssikringa har såleis ikkje avdekka store manglar i det grunnlagsmaterialet som så langt er lagt til grunn og som politiske vedtak er basert på.

I tråd med fylkestinget sitt vedtak i sak 155/2020 vil veg-delen av prosjektet bli bygd først, deretter brua. Fylkesrådmannen meiner det er realistisk å få sendt ut anbodspapira i løpet av hausten og at bygginga kjem i gang i løpet av våren 2022. I høve det totale prosjektet utgjer veg-delen ein liten del, ca. 12% . Det er kostnaden til brua som er det dominerande i dette prosjektet. Detaljprosjektering på denne delen av prosjektet er så langt ikkje starta opp.

Med dette som utgangspunkt meiner fylkesrådmannen at det er fornuftig å auke kostnadsramma med 37 mill. kr til totalt 812 mill. 2021-kr, i tråd med Norconsult sin anbefaling. Det er betre å legge inn ein ekstra margin no i denne fasen av prosjektet og heller redusere kostnadsramma igjen viss det viser seg at prosjektet vert rimelegare. Men dette vil vi ikkje kunne seie noko om før vi har signert kontrakt om bygging av bru.

Auken på 37 mill. kr vil bli innarbeidd i økonomiplanen i 2024 og finansiert med meirverdiavgiftskompensasjon på 7 mill. kr og auka låneopptak med 30 mill. kr.

Økonomi: : Prosjektet Ytre Steinsund bru er eit stort investeringsprosjekt med kostnadsramme på 775,1 mill. kr (med +/- 10 pst. uvisse i kostnadsanslaget). Saka legg opp til å auke kostnadsramma med 37 mill. kr, noko som har økonomiske konsekvensar i 2024. Det er fylkeskommunen som ber den samla økonomiske risikoen i prosjektet. Dei årlege ferjeavløysingsmidlane vil ikkje bli endra som følge av auka kostnadsramme.

Klima: Prosjektet inneberer bygging av ei bru på 835 meter og 4365 meter ny veg. Bygging av prosjektet vil føre til ein auke i klimagassutslepp i byggeperioden. Når prosjektet er fullført vil det erstatte dagens ferje mellom Daløy og Haldorsneset. Den samla effekten av tiltaket på lang sikt er ikkje berekna.

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkestinget vedtok i sak 155/2020 å gjennomføre ei ekstern kvalitetssikring av kostnadsramma til investeringsprosjektet Ytre Steinsund bru. Dette er no gjennomført av Norconsult. Norconsult anbefalar at prosjektet si kostnadsramme vert auke med 37 mill. kr til 812 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår i saka å auke kostnadsramma, i tråd med Norconsult si anbefaling, samt få ei endeleg godkjenning av byggestart.